# Vestland fylkeskommune

# Søknad om fråvik

## Del 2 – handsamingsdel – saker delegert fråviksnemnda

## Fråvik 188/2025, Fv. 49 Fossenbrattetunnelen, teknisk bygg

| | |
|---|---|
| **Dato:** | 29.09.2025 |
| **Saksnummer:** | 2025/46694 |
| **Løpenr:** | 4 |

| **Fråviknemnda si grunngjeving for vedtak eller tilråding:** | Godkjent | Ikkje godkjent | Tilrådd | Ikkje tilrådd |
|---|---|---|---|---|
| **Vedtak:**<br>Fråviksgruppa godkjenner fråvik frå N500, krav 10.2-4.<br><br>**Søknad om fråvik frå:**<br>Det vert søkt fråvik frå krav 10.2-4 i vegnormal N500.<br><br>Fossenbrattetunnelen skal oppgraderast for i tilfredsstille krav i Tunnelsikkerheitsforskrifta. Det er naudsynt med nytt teknisk bygg i den forbindelse. Teknisk bygg er tenkt plassert på utsida (aust) av tunellen.<br><br>Fråviket gjeld innvendig størrelse på rom i teknisk bygg. Tal rom og størrelse på rom er planlagt med den omsyn til den utrustninga som det er behov for. Det er frå prosjektet si side vurdert at planlagt teknisk bygg ivaretar både dagens og framtidig innvendig plassbehov.<br><br>Innvendig størrelse og reserveplass:<br>Rom for fordelinger 4x4 m: 28 %<br>Rom for nødstrøm 4x4 m: 28 %<br>Rom for batteri 3x4 m: 60 %<br>Rom for radio og nødnett 3x4 m: 50 %<br><br>**Fråviksgruppa si grunngjeving:**<br>Fråviksgruppa vurderer at løysinga er grundig vurdert, og meiner løysinga vert tilfredsstillande. Det er planlagt for reservekapasitet både innvendig i tavler, samt i dei tekniske romma. Det er også tilstrekkeleg plass til å drive drift og vedlikehald på ein god måte. Konsekvensane er positive både i høve økonomi, miljø og klima. | ☒ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **Vidare saksgang[1]:** | | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sendast til Hovudutval for samferdsel og mobilitet for endeleg avgjerd[2] ☐ | Sendast til avdelingsdirektøren INV for endeleg avgjerd. ☐ | Retur til søkar ☒ | Sendast VD ☐ |